

KOLGREVEHAUGEN

Høgde over havet: ca. 412 m

Lengde ein veg: 1 km

Tid: ca.30 min ein veg

Gradering: Lett

Lengd:

Køyr til Strindeskleiv/ skianlegget forbi Velken og Haugse. Parker på Strindeskleiv. Du skal følgje stien som går til Masta og Kolgrevehaugen (skilt står på ljosstolpen midt i vegen der du startar å gå) Idrettslaget si varmestove står nett her til venstre, men du skal gå mot høgre. Du vil snart krysse skiløypa og du skal gå vidare rett fram. Her finn du ein bom, med skilt til både Masta og Kolgrevhaugen. Det vil i perioden april og mai vera tiurleik i området så vi ber om at det vert teke omsyn til det. Du går på ein fin skogsveg i om lag ein kilometer. Du passerer to flotte store steinar laga av Olaug Haugse med innskrifta «Vegen er målet» og på returen» Gje meg sinnsro til å forandre på det eg kan og visdom til å veta forskjell» Ta deg tid til å les på tavlene og ta bilete med rom for ettertanke.

Andre lokale stadnamn du går forbi på denne ruta er Øykjakroken, Vetlatræet og Tjørejadlen- alle desse er merka med skilt.

Ved Kolgrevehaugen er det laga sittebenker og bord kor ein kan eta nista si og nyte ei stund i skogen. Det heng ei eiga informasjonstavla her laga av Olav Haugse. Vegen vidare går til Masta som er eit flott utsiktspunkt utover Granvinsfjorden og bygda vår.

Du må returnere same veg som du kom, men du kan gå i skiløypa til Haugseåsen om du vil det.

GOD TUR!